

Kunnskapen som vitskapen ikkje ville ha

Vi kan takka innsatsen til *ein* mann for Manger-funna, Bård Kolflåth (1923–2005). Han var praktikar med breid røynsle frå mange arbeidsplassar då han som pensjonist tok fatt på sjølve livsverket i Nesvågen. Han var oppfinnar, han var fiskeoppdrettar, snikkar om det trongst – eller smed eller bygningsmann. Han handterte dei fleste arbeidsreidskapar. Mellom kvalifikasjonane hans var òg det at han var sta som ein stubbe. Då han under arbeid med ei demning i Nesvatnet kom over dei første spora av forfedrene på staden, tok han funnet med til Universitetet i Bergen. Der vart han avvist; dei trudde han bar skrot i ryggsekken.

Men Bård såg på terrenget, leita etter spor av pelemark og rekna seg til landhevinga. Så fann han ut at dei trebitane han hadde funne, måtte vera gamle.

Ikkje berre det: Han gissa på nøyaktig kor gamle dei var, gong på gong. Seinare kontroll med C14-metode har synt at han alltid traff presist innanfor det vitskaplege slingringsmonnet.

